

ÅRSRAPPORT 2016



fiskebåt
HAVFISKEFLÅTENS ORGANISASJON



ÅRSRAPPORT 2016

Rapport frå styret 2016.....	5
Resultat av langsiktig arbeid.....	10
Miljøspørsmål preger dagsorden	12
Klimatrusselen påvirker oss alle	15
Kva hugsar du best frå fiskeriåret 2016?	18
Nye medlemmar med klare forventningar	22
Aktivitet 2016.....	24
Fartøy 2016	32

Ein miljøvennleg og lønsam fiskeflåte som leverer sunn mat frå berekraftige bestandar i verdas reinaste havområde.



Audun Maråk
ADMINISTRERENDE DIREKTØR
900 77 470 / audun@fiskebat.no



Odd Kristian Dahle
INFORMASJONSLEDER
906 15 658 / odd-kristian@fiskebat.no



Jan Ivar Maråk
ASSISTERENDE DIREKTØR
913 95 412 / jan-ivar@fiskebat.no



Monica Nelvik
REGNSKAPSANSVARLIG
922 57 657 / monica@fiskebat.no



Beate Nørvåg
AVDELINGSLEDER
916 70 522 / beate@fiskebat.no



Nina Rasmussen
AVDELINGSLEDER
957 40 151 / nina@fiskebat.no



Paul-Gustav Remøy
AVDELINGSLEDER
911 07 075 / paul-gustav@fiskebat.no



Sturla Roald
JURIST/RÅDGIVER
926 60 424 / sturla@fiskebat.no



Ragnhild Røssvold
ADMINISTRASJONSSEKRETÆR
922 57 657 / ragnhild@fiskebat.no



Tor-Are Vaskinn
AVDELINGSLEDER
906 40 978 / tor-are@fiskebat.no



Harald Østensjø
AVDELINGSLEDER
915 55 562 / harald@fiskebat.no

HOVEDKONTOR *Ålesund*

T: 70 10 14 60
E: fiskebat@fiskebat.no
A: Røysegata 15, 6003 Ålesund

AVDELINGSKONTOR *Bergen*

T: 70 10 14 60
E: nina@fiskebat.no
A: Slottsgt. 3, 5003 Bergen

AVDELINGSKONTOR *Haugesund*

T: 70 10 14 60
E: harald@fiskebat.no
A: Sørhauggt. 128, 5527 Haugesund

AVDELINGSKONTOR *Tromsø*

T: 70 10 14 60
E: tor-are@fiskebat.no
A: Strandveien 106, 9006 Tromsø

RAPPORT FRÅ STYRET 2016

Fiskerinæringa har vore gjennom eit svært godt år. Framover vil miljøfokuset vere viktig for fiskeflåten.

FISKEBÅT

Fiskebåt er interesse- og arbeidsgivarorganisasjon for den norske havgåande fiskeflåten. Fiskebåt har hovudkontor i Ålesund og avdelingskontor i Tromsø, Haugesund og Bergen.

Fiskebåt har hatt ein kraftig vekst i medlemsfartøy i løpet av året. Rundt 25 fartøy frå gruppa stor kyst har meldt seg inn. I tillegg har Fiskebåt fått nye medlemmar frå gruppene ringnot, nordsjøtrål og snøkrabbe. Fiskebåt har ved årsskiftet nærare 180 medlemsfartøy. Fiskebåt sine medlemmar kjem frå ei rekke flåtegrupper. Det gjer også styremedlemmane i Fiskebåtstyret. Dei fleste gruppene er dermed representert i styret, som hadde sju styremøte i 2016.

Fiskebåt arbeider etter visjonen «Ei miljøvennleg og lønsam fiskeflåte som leverer sunn mat frå berekraftige bestandar i verdas reinaste havområde». Visjonen definerer kvar den havgåande flåten ynskjer å vere i framtida, og peikar på Fiskebåt sine fire viktigaste arbeidsområde, nemleg å jobbe for ei god fiskeriforvaltning, eit reint hav og ei miljøvennleg og lønsam fiskeflåte.

Fiskebåt har som mål å vere den føretrekte organisasjonen for den havgåande fiskeflåten over 20 meter.

Ein viktig del av Fiskebåt sitt arbeid er tariff-forhandlingar med arbeidstakarorganisasjonane Norsk Sjømannsforbund, Det norske maskinistforbund og Norsk Sjøoffisersforbund. Fiskebåt engasjerer seg også i utdanning og rekruttering til havfiskeflåten. Fiskebåt hjelper medlemmane i enkeltsaker, både næringspolitisk og som arbeidsgivarorganisasjon.

AKTIVITET


Fiskebåt har tre aktive regionlag. Fiskebåt Nord omfattar dei tre nordlegaste fylka, medan Fiskebåt Vest omfattar Trøndelagsfylka, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Fiskebåt Sør dekkjer området frå Hordaland til svenskegrensa. I løpet av året har det vore god aktivitet i regionlaga. Alle dei tre regionlaga har hatt årsmøte med godt oppmøte både frå medlemmar og andre i næringa. Fiskebåt har arrangert redskapsbaserte møte for medlemmar både frå kvitfisk, pelagisk og snøkrabbe. Også den nye medlemsgruppa i Fiskebåt, stor kyst, har hatt medlemsmøte.

ÅRSMØTET 2016

Fiskebåt sitt årsmøte er ein av dei viktigaste møteplassane for norsk fiskerinæring. Det er stor interesse for møtet, og årsmøtet samla over 330 personar i 2016. Forutan delegatane frå Fiskebåt sine regionlag og andre medlemmar i Fiskebåt, møtte mellom anna representantar frå Stortinget, Nærings- og fiskeridepartementet, andre departement, Fiskeridirektoratet, andre statlege etatar, fiskeriorganisasjonar, utstyrsleverandørar, finansinstitusjonar og media.

MILJØ

Fiskeflåten har bidrege sterkt til utsleppsreduksjonar dei siste åra, i fyrste rekke gjennom strukturering og effektivisering av fisket. I tillegg har fornyinga av fiskeflåten gitt meir energieffektive fartøy. Miljøavtalen om NOx har vore ein suksess, og med store bidrag frå fiskeflåten har NOx-utsleppa vorte kraftig redusert sidan 2008. Fiskeflåten kjem også i framtida til å bidra gjennom flåtefornyng og utvikling av ny teknologi som reduserar utslepp av skadelige miljøgassar frå fiskeflåten. Fiskebåt er representert i styret i NOx-fondet, som er i gong ►



med å reforhandle NOx-avtalen. Ein reknar med å kome i hamn med ei ny avtale i fyrste del av 2017. Fiskebåt har også arbeidd aktivt mot Stortinget for å oppnå ei akseptabel løysing for fiskefartøy når det gjeld CO₂.

Fiskebåt tek klima på alvor, og har teke initiativ til to prosjekt i regi av Fiskeri- og havbruksnæringens forskingsfond, der det mellom anna skal gjerast ei kartlegging av utslepp av klimagassar frå fiskeflåten. I tillegg vil det verte utarbeida ein klimastrategi for fiskeflåten. Fiskerinæringa lever av å selge eit naturprodukt der det klimatiske fotavtrykket er svært lavt. Det er viktig å halde posisjonen som ei sunn og miljøvenleg proteinkilde, samtidig som det blir jobba målretta for å redusere klimagassutsleppa ytterlegare. Fiskeflåten har allereie redusert utsleppa mykje, mellom anna fordi ein har fått nye og betre kjølesystem om bord i båtane. Ny teknologi på motorar og korleis ein gjennomfører fisket vil kunne føre til ytterlegare reduksjonar av utslepp.

Fiskebåt gjekk i spissen for å få miljømerka sentrale norske fiskeri etter MSC-standarden (Marine Stewardship Council) i 2009. Vern av havbotnen og sårbare artar inngår som ein viktig del

av denne standarden. I samband med MSC-resertifiseringa av torskefisket i Barentshavet i 2015 forplikta næringa seg til å gi sårbare botnhabitat auka vern. Denne prosessen vart framskynda gjennom ein avtale mellom sentrale europeiske marknadsaktørar, Fiskebåt, russisk fiskeflåte og Greenpeace. Fiskebåt har mellom anna forplikta seg til at flåten ikkje skal drive trålfiske etter torsk i arktiske område av Barentshavet der det ikkje har blitt fiska regulært etter torsk tidlegare. Fiskebåt meiner vi har god grunn til å vere stolte av norsk fiskeriforvaltning i nordområda. Arbeidet med denne avtalen har gitt Norge ein unik posisjon til å informere sentrale marknadsaktørar i Europa om korleis Norge arbeider langsiktig for å sikre eit fortsatt bærekraftig fiske i Barentshavet. Det er viktig å finne den rette balansen som tek hand om verneinteressene, den internasjonale forpliktinga vår til å forvalte ressursane i havet, og næringsinteressene.

MARKNAD

Sjømatnæringa er ein av berebjelkanene i norsk økonomi. Ei fortsatt positiv utvikling i fiskerinæringa er ikkje berre viktig for kystsamfunna, men for heile det norske samfunnet. Omlag 95 prosent av all sjømat som vert produsert i Norge

vert eksportert. God tilgang til dei viktigaste marknadane er nødvendig for å realisere potensialet i sjømatnæringa. Målet må vere full frihandel med fisk i alle viktige marknader. Fiskebåt meiner at regjeringa i større grad enn tidlegare må arbeide for å betre marknadstilgangen for norsk fisk i utlandet. Det er viktig at Norge sin posisjon i EU-marknaden ikkje vert ytterlegare svekka dersom TTIP (Transatlantic Trade and Investment Partnership) mellom EU og USA vert ein realitet. Fiskebåt er ein del av Sjømatalliansen, som er eit interessefellesskap mellom organisasjonane i fiskeri- og havbruksnæringa. Sjømatalliansen arbeider for å styrke dei offensive handelsinteressene for norsk sjømat, og for fri tilgang til alle viktige marknader.

2016 vart eit fantastisk år for norsk eksport av sjømat. Eksportverdien passerte for fyrste gong 90 milliardar kroner. Laks og aure stod for 65,3 milliardar, kvitfisk 13,8 milliardar, pelagisk 7,8 milliardar, mens eksporten av skaldyr nådde 1,9 milliardar kroner. Den sterke veksten i eksporten av skaldyr skyldast i hovudsak auka eksport av kongekrabbe og snøkrabbe. Norge eksporterte 2,4 millionar tonn sjømat til 146 land i 2016. Det tilsvarar 34 millionar måltid kvar dag.



Fiskeflåten har bidrege sterkt til utsleppsreduksjonar dei siste åra, i fyrste rekke gjennom strukturering og effektivisering av fisket.



RESSURSFORSKING

God kunnskap om fiskebestandane er svært viktig for villfisknæringa. Stor usikkerheit i bestandsberekningane vil føre til at fiskekvotene vert mindre enn det bestandene gir grunnlag for, og det er viktig å redusere denne usikkerheita. Auka satsing på ressursforskning er ei god investering for fiskerinæringa, og ei god investering for Norge. Fiskebåt har arbeida målretta for å auke beviljingane til ressursforskninga, og spesielt den tradisjonelle bestandsovervakinga og ressursrådgivinga. Dette har gitt positive resultat. Gjennom etableringa av Faglig utval for ressursforskning (FUR) har næringa fått høve til å påverke prioriteringane i Havforskningsinstituttet. Fiskebåt er opptatt av at Havforskningsinstituttet prioriterer dei kommersielt viktigaste fiskebestandane innanfor budsjettet. Det er nødvendig å sikre god toktdeking og innsamling av fangstprøver frå desse bestandane. Sjølv om fiskarane og forskarane er usamde om situasjonen for enkelte bestandar, er det eit godt og konstruktivt samarbeid mellom næringa og Havforskningsinstituttet. Fiskebåt er opptatt av at vi også i framtida skal vere ein kritisk, men konstruktiv, samarbeidspartnar til Havforskningsinstituttet. Fiskebåt har

derfor tilsett ein eigen havforskar som skal bidra til at Fiskebåt i enda større grad vil vere den toneleiande organisasjonen i fiskerinæringa, når det gjeld spørsmål knytt til ressursforskning.

HAVSTRATEGI

Regjeringa skal legge fram Havstrategien våren 2017. Fiskebåt meiner at Havstrategien må ta utfordringane i nordområda på alvor. Det er ei stor utfordring for næringsutviklinga i nordområda at svært få land respekterer den norske suvereniteten i fiskevernsona rundt Svalbard. Det er vesentleg at Norge sikrar sin rettmessige del av fellesressursane. Ressursforskninga må styrkast og havbotnen må kartleggast for å styrke ei berekraftig næringsutvikling i havområda. Fiskebåt meiner at god ressursforvaltning av havområda er viktig også i eit globalt matperspektiv. Nær tre milliardar menneske får ein vesentleg del av maten frå havet. Dette forpliktar fiskerinasjonane til å sørge for ei berekraftig forvaltning av ressursane.

RAMMEVILKÅR

Den havgåande fiskeflåten er rygggrada i norsk fiskerinæring, og ringverknaane frå flåten er avgjerande for aktiviteten langs kysten. Den havgåande

fiskeflåten står for om lag 80 prosent av fangstvolumet og 70 prosent av verdien av norske landingar. Flåten legg grunnlag for høg verdiskapning gjennom foredling og eksport. Betring av fiskeflåten sine rammevilkår, både økonomisk og operasjonelt, står sentralt i Fiskebåt sitt arbeid. Fiskebåt har i ei årrekkje arbeidd for at fiskerinæringa skal verte likestilt med oljenæringa når det gjeld finansieringsordningar. Fiskebåt har arbeidd for moderat bruk av oljepengar og ein stram finanspolitikk for å sikre best moglege vilkår for produksjon og eksport av sjømat. Effektive strukturordningar har vore ein føresetnad for at fiskeflåten har greidd å tilpasse seg den kraftige kostnadsveksten og den auka konkurransen om den maritime arbeidskrafta dei siste 20 åra. Fiskebåt er opptatt av at fiskeflåten også i framtida har gode strukturordningar som er tilpassa rammene fiskeflåten arbeider under.

Som oppfølging av Sjømatindustrimeldinga, som vart vedtatt av Stortinget i mars, sette regjeringa ned ei ekspertgruppe som skulle sjå på leverings-, bearbeidings- og aktivitetsplikta. Ekspertgruppa si innstilling var ute på høyring i haust og Fiskebåt hadde ei

grundig behandling av saka i organisasjonen. Fiskebåt er einig i at plikt-systemet har utspelt si rolle, og støttar forslaget om å avvikle tilbodsplikta og bearbeidingsplikta. Fiskebåt meiner at selskap som i dag har aktivitetsplikt ved fleire anlegg må få lov til å avvikle delar av denne aktivitetsplikta mot eit økonomisk oppgjær, ikkje ved avkorting av kvotefaktorar. Fiskebåt meiner dessutan at den føreslåtte løysinga om auksjonering av kvotefaktorar til fiskeindustrien vil vere i strid med Deltakarlova, føre til ei svekking av Fiskesalgslova, og vil kunne rokke ved kvotefordelinga mellom konvensjonell og trål.

INTERNASJONALE AVTALAR

Kvar haust forhandlast det om milliardverdiar i kvoteforhandlingane med andre land. Fiskebåt involverer seg sterkt i internasjonale kvoteforhandlingar, og tillitsvalde og tilsette i Fiske-

båt deltek i dei norske forhandlingsdelgasjonane på vegne av Norges Fiskarlag. Fiskebåt har arbeidd aktivt for å få på plass best moglege løysingar for å sikre norske andelar, og har avvist løysingar som Fiskebåt meiner har gitt Norge for lave kvoteandelar. Fiskebåt er sær s n øgd med at Norge sin andel av NVG-sild vart auka frå 61 prosent til 67 prosent. Kontroll over ressursane er avgjerande for å sikre norske økonomiske interesser. Fiskebåt er opptatt av at Norge står fast på viktige prinsipp som sonetilhøyring for fordeling av fiskebestandar. Norge må opptre langsiktig, sjølv om det på kort sikt kan utfordre prinsippa forvaltninga kviler på. Norge skal ikkje søke konflikt i internasjonale fiskeriforhandlingar, men vi må vere villig til å ta konflikt for å ivareta norske langsiktige interesser. Det er heilt avgjerande at norske forhandlarar får nødvendig oppbakking frå politiske styresmakter.

SAMARBEID

Fiskebåt har fokus på å ha ein god dialog med styresmaktene, og dagleg kontakt med offentlig forvaltning, og då særleg Fiskeridirektoratet. Fiskebåt har hatt møte med både stortingspolitikarar og stortingskomitear, i tillegg til fleire møter med Fiskeriministeren. Fiskebåt er n øgd med å ha fått gjennomslag for saker som er viktige for medlemmane. Året 2016 har vore eit godt år for dei fleste i den havgåande flåten, og medlemmane i Fiskebåt står derfor godt rusta til å møte nye utfordringar framover.

Fiskebåt vil framleis arbeide hardt for å vere den føretrekte organisasjonen for den norske havgåande fiskeflåten, også i dei komande åra. Styret i Fiskebåt takkar medlemmar, styresmakter, andre samarbeidspartnarar og tilsette i Fiskebåt for samarbeidet i 2016, og ser fram til godt samarbeid også i 2017.

15. JANUAR 2017





JONNY BERFJORD
STYRELEIAR | DØNNA



VALTER RASMUSSEN
NESTLEIAR | VEDAVÅGEN



WEBJØRN BARSTAD
STYREMEDLEM | ÅLESUND



KNUT ROALD HOLMØY
STYREMEDLEM | SORTLAND



KJELL LARSEN
STYREMEDLEM | HARSTAD



PAUL HARALD LEINEBØ
STYREMEDLEM | FOSNAVÅG



SOLVEIG STRAND
STYREMEDLEM | ÅLESUND



MARIUS YTTERSTAD
STYREMEDLEM | LØDINGEN



STIG ØSTERVOLD
STYREMEDLEM | TORANGSVÅG

ORDFØRAR

IVAR ANDREASSEN **BODØ**

KONTROLLNEMND

HENNING T. VEIBUST **ÅLESUND**
EINAR JAN REMØY **ÅLESUND**

LEIARAR I REGIONLAGA

MARIUS YTTERSTAD **FISKEBÅT NORD**
PAUL HARALD LEINEBØ **FISKEBÅT VEST**
STIG ØSTERVOLD **FISKEBÅT SØR**

VARAREPRESENTANTAR, STYRET

LARS OVE STENEVIK **BEKKJARVIK**
OLAV K. REMØY **LEINØY**
PER WILLIAM LIE **KOLLTVEIT**
HARALD TARANGER **TORANGSVÅG**
SINDRE DYB **GODØY**

LANDSSTYRET NORGES FISKARLAG

ARILD AARVIK **MÅLØY**
KJELL-GUNNAR HODDEVIK **ÅLESUND**
OLAV O. ØSTERVOLD **TORANGSVÅG**
JAN ROGER LERBUKT **TROMSØ**

RESULTAT AV LANGSIKTIG ARBEID

Kjære medlemmer; Villfisknæringen i Norge har nok en gang hatt et godt år. Vi ser en samlet flåte som tjener penger. Fiskeryrket er i vinden som aldri før og rekrutteringen er god, noe som er svært positivt for hele næringen. Det er flere årsaker til den positive utviklingen. Mange forklarer det med valuta, lav oljepris og lav rente. Andre legger vekt på at det er et sterkt marked.

Jeg har lyst til å trekke fram følgende;

Flåten har selv tatt ansvar gjennom organisasjonene, har skapt stabilitet i ressursfordelingen, bidratt til god ressursforvaltning og selv tatt kostnaden med flåtetilpassing, som har skapt dagens lønnsomhet. Valuta og marked er viktig, men Fiskebåt og Fiskarlaget sitt langsiktige arbeid med sentrale rammevilkår er nøkkelen til dagens suksess. En sentral forutsetning for den positive utviklingen er også at omleggingen har hatt bred politisk støtte.

POLITISKE UTVALG

Fremtidens rammevilkår har de siste årene vært preget av usikkerhet. Sittende regjering arvet Tveteråsutvalget som skulle se på sjømatindustrien. I kjølvannet av Tveteråsutvalget ble Eidesenutvalget nedsatt, og har avgitt sin innstilling.

Det umiddelbare inntrykket av innstillingen fra Eidesenutvalget, er at det er gjort et grundig og omfattende arbeid. Likevel er jeg svært usikker på hvor mye av dette som kommer til å bli satt ut i live. Fiskebåt skal ha en grundig gjennomgang av alle forslagene som utvalget presenterer. Medlemmer og

regionstyrer skal komme med sine betraktninger. Når vi kommer med våre råd og konklusjoner, skal innstillingen fra utvalget være grundig drøftet i organisasjonen.

FORDOMSFRI DEBATT

En kan likevel allerede slå fast at en del av forslagene bryter med tidligere forutsetninger i fiskeripolitikken. De mest ytterliggående forslagene om særbeskatning av næringen er nettopp det – ytterliggående og ødeleggende for kysten. Andre forslag som er nye og banebrytende, må vi drøfte på en fordomsfri måte. Det gjelder framtiden for den næringen vi alle støtter.

Forutsigbarhet, stabilitet og god lønnsomhet er uansett avgjørende for at våre medlemmer skal tørre å satse inn i fremtiden.

KLIMASTRATEGI

Fiskebåt ønsker å være i forkant av utviklingen som blir viktig for flåten. Derfor har Fiskebåt tatt initiativ til å utvikle en klimastrategi for fiskeflåten. Vårt arbeid på området har dokumentert at flåten har redusert sine utslipp per kilo fisk de siste åra. Hvis vi opprettholder lønnsomheten, kan vi redusere utslippene ytterligere uten konkurransevridende avgifter som vil motvirke miljømålet. Regjeringen forsto dette og kom derfor fram til at det ikke var klokt å innføre CO2-avgift for flåten.

JOBBER FOR MEDLEMMENE

Fiskebåt ønsker å være en organisasjon som tar medlemmenes behov på alvor. Her har jeg lyst å nevne at vi i 2016 ser gode resultat av langsiktig

arbeid innenfor internasjonale avtaler og ressursforskning. Det viktige samarbeidet med politikerne og forvaltningen er svært godt, og legger et viktig grunnlag som kommer medlemmene til gode. Mange tar kanskje resultatene for gitt. Jeg vet at ingen ting gjør seg selv.

Fiskebåt har fått mange nye medlemmer i 2016. Dette er svært viktig for organisasjonen. Det tilfører oss ny kunnskap, og vi får større tyngde i arbeidet som vi utfører. Det har også gitt oss mulighet til å styrke organisasjonen. Fiskeflåten sin egen havforsker har vært på plass ved Fiskebåt sitt kontor i Bergen fra januar. I nord har vi fått styrket kontoret blant annet for å ivareta våre nye medlemmer fra kyst. Dette vil styrke det gode teamet vi i dag har i administrasjonen, og gir oss større slagkraft i fortsettelsen.

FRAMTIDEN

Årene fremover vil være viktige for framtiden til vår næring. Fiskebåt arbeider videre for å styrke organisasjonens påvirkningskraft. Det siste året har styret utredet hvordan det best kan oppnås.

Min oppfordring er at vi slutter opp om organisasjonen og deltar i debatten, slik at vi oppnår gode rammevilkår for fiskeflåten. Rammevilkår som ikke bare er viktig for fiskeflåten, men også for en positiv utvikling for Norge som helhet.


JONNY BERFJORD
STYRELEDER | DØNNA





MILJØSPØRSMÅL PREGER DAGSORDEN

Fiskerinæringen blir stadig utfordret på nye områder.
Miljøspørsmål har blitt en vesentlig del av den
fiskeripolitiske debatten.

Vi skal ikke gå mange årene tilbake før miljøspørsmål omtrent var fraværende i den fiskeripolitiske debatten. Dette har nå endret seg, og spørsmål som utslipp av skadelige miljøgasser, påvirkning av havbunnen, forsøpling av havet og bærekraftig forvaltning av fiskebestandene opptar fiskerinæringen i stadig større grad.

Det kan virke absurd for trålskipperen at markedet i Europa ikke vil kjøpe torskefangsten fordi den er fisket i et område der bunnforholdene ikke er tilstrekkelig kartlagt. Linefiskeren er forundret over at tradisjonelle fiskefelt i internasjonalt farvann blir stengt for å verne koraller og andre bunnhabitat. Garnfisket blir kritisert fordi det kan være en fare for at niser eller sjøfugl roter seg inn i garnet. Ringnotfiskeren opplever at fisket må være miljøsertifisert for at produktene skal være salgbare i mange markeder. Kystfiskeren opplever at tradisjonelle fiskerier blir stengt på grunn av bifangst av rødlistede arter. Dette er bare noe av det som fiskerne må forholde seg til.

Fiskebåt har en ambisiøs visjon for vår virksomhet. Vi skal arbeide for en miljøvennlig og lønnsom fiskeflåte, der hensynet til vern balanseres med kravet til rasjonell drift. Vi skal forvalte bestandene bærekraftig, og vi skal fiske i verdens reneste havområder. Miljøspørsmål har blitt en stadig større del av Fiskebåts hverdag.

KVOTERÅD

Ingen er mer opptatt av at fiskebestandene blir høstet bærekraftig enn næringen selv. Fiskeressursene er grunnlaget og fremtiden for næringen. Fiskebåt har prinsipielt valgt å legge kvoterådene fra Det internasjonale havforskningsrådet (ICES) til grunn for vårt arbeid i ressursforvaltningen. Selv om det kan være uenighet mellom fiskerne og forskerne, er kvoterådet fra ICES det beste vi har å forholde oss til, og det eneste som har troverdighet i opinionen.

Fiskebåt har samtidig vært svært kritisk til at kvoterådene fra ICES i mange tilfeller er gitt på sviktende grunnlag,

fordi kunnskapen om bestandene er for liten. Å styrke ressursforskningen for å sikre et best mulig beslutningsgrunnlag har derfor vært en prioritert sak for Fiskebåt. Det er derfor positivt at vi har fått til et spleiselag mellom næringen og myndighetene. Dette har gjort det mulig å styrke ressursforskningen de siste årene, men det er fortsatt store utfordringer.

MILJØSERTIFISERING

Fiskebåt var først ute i Norge med å søke om sertifisering av norske fiskerier etter Marine Stewardship Council (MSC) sin miljøstandard. MSCs miljøstandard for bærekraftig fiske er etablert for å vurdere om et fiskeri er bærekraftig, og er utviklet i samarbeid med fiskeindustrien, forskere og miljøvernorganisasjoner. Sertifisering mot MSCs fiskeristandard er frivillig. Sertifiseringen er åpen for alle fiskerier som driver med villfangst av organismer som lever i hav eller ferskvann.

Stadig flere markeder krever at fisket er MSC-sertifisert eller godkjent etter



tilsvarende ordninger. For Norges del startet det med sertifisering av fisket etter sei, hyse og torsk, og ble kort tid etter utvidet til også å omfatte de viktigste konsumfiskeriene i pelagisk sektor som sild og makrell. Etter at det er kommet en egen sertifiseringsordning for oppdrettsfisk, (ASC), er det nå krav om at fisket på de fiskeslagene som blir benyttet til blant annet laksefor inkluderes i sertifiseringen. Norge har derfor startet en prosess for å miljøsertifisere kolmule, øyepål og tobis etter MSC-standarden, og også lodde står for tur. Det er også startet en prosess for å sertifisere fisket etter lange og brosme, og selv fisket etter rognkjeks er avhengig av sertifisering for å være aktuell for de viktigste markedene.

Det er ikke tilstrekkelig å forvalte bestandene bærekraftig for å oppnå sertifisering etter MSC-standarden. Det er også nødvendig å minimere annen miljøpåvirkning. I kravene til MSC forutsettes det at fisket forvaltes på en slik måte at økosystemets struktur, produktivitet, funksjon og mang-

fold opprettholdes. MSC stiller derfor stadig strengere krav i forhold til vern av bunnhabitat, fugler, truede arter og uønsket bifangst. Det er ikke usannsynlig at også krav til utslipp av skadelige miljøgasser vil bli en del av miljøsertifiseringen til MSC i framtida. Andre miljømerker har allerede slike krav.

ARKTIS-AVTALEN

Smelting av polisen har frigjort nye områder i Barentshavet. Samtidig har rekordstore hyse- og torskebestander ført til at bestandene har spredt seg utover et større område både nordover og østover. Mulige negative konsekvenser av fiske på bunnhabitat og økosystem i nye isfrie områder var drivkraften bak fjorårets Greenpeace-kampanje for å stoppe en ekspansjon av trålfisket nordover i Barentshavet. Greenpeace fikk med seg store kjøpere av norsk og russisk torsk, som TESCO, Sainsbury's, Youngs, Morrisons, McDonalds og Marks & Spencer.

Etter flere måneder med forhandlinger ble det enighet om en avtale mellom

Fiskebåt, russiske rederier og viktige kjøpere og produsenter av norsk fisk. Etter avtalen skal det ikke åpnes for trålfiske i nye områder i Barentshavet før bunnforholdene er nærmere kartlagt. Partene som slutter seg til den frivillige avtalen, skal ikke fiske i områder der det ikke tidligere er drevet fiske av et visst omfang. I tillegg skal spesielt sårbare områder vernes.

En arbeidsgruppe med representanter fra alle partene, arbeider nå med å inkludere russiske aktivitetsdata i det norske kartet. I tillegg arbeides det med å utarbeide regler for hvilken kartlegging som er nødvendig for å starte fiske i nye områder. Det er også viktig at ICES utarbeider en vitenskapelig definisjon for spesielt sårbare bunnhabitatområder.

Stengning av fiskeområder kan komme i konflikt med andre krav som fiskeflåten må forholde seg til. Dette gjelder ikke minst hensynet til å kunne drive et rasjonelt og lønnsomt fiske. Det vil også være slik at stengning av områder ►



STRENGERE KRAV ▲

Forbrukere og oppkjøpere stiller stadig strengere krav til miljøsertifisering.

kan komme i konflikt med kravet om å redusere utslippene av skadelige miljøgasser fra fisket. Det er derfor viktig å finne den riktige balansen mellom vern og høsting av ressursene i havet.

FORSØPLING AV HAVENE

Det har de siste årene blitt økt fokus på forsøplingen av havene. Marin forsøpling omfatter både avfall i strandsonen og i havet. Det er beregnet at rundt 70 prosent av avfallet synker til bunns og dermed ikke er synlig. Plast utgjør det største avfallsproblemet til havs. Plast brytes ned til små plastpartikler som kan spises av små dyr i havet, og spre miljøgifter når de igjen spises av større dyr.

En rapport fra World Economic Forum har anslått at hvis forsøplingen fortsetter som nå, så vil det være mer plast enn fisk i havet i 2050. I 2001 anslo en FN-rapport at om lag en million sjøfugl, 100 000 marine pattedyr og et ukjent antall fisk og andre dyr ble skadet eller drept av marint avfall hvert år. I en ferskere FN-rapport fra

2014 ble det estimert at skadene på marin natur i hele verden som følge av plastforsøpling beløper seg til minst 13 milliarder amerikanske dollar i året.

Fiskebåt er opptatt av et rent hav, og både oljevirkomheten, oppdrettsnæringen og villfiskerinæringen har utfordringer. Å arbeide for god avfallshåndtering i fiskeflåten blir en viktig arbeidsoppgave, og dette er det økt fokus på. Et annet viktig tiltak er Fishing for litter. Dette er et prosjekt som innebærer at deltakende fiskefartøyer får levere søppel som de drar opp av sjøen gratis i land. Dette programmet bør videreføres og forsterkes.

MILJØAVTALE OM NOX

De viktigste næringsorganisasjonene, inkludert Fiskebåt, inngikk i 2008 en treårig avtale med staten om reduksjon av NOx-utslipp. Avtalen innebar at bedriftene betalte inn en avgift til et NOx-fond i stedet for en høyere NOx-avgift til staten. Fondet brukte midlene til å finansiere tiltak som reduserte utslippene av NOx. Det ble

inngått en ny avtale for perioden 2011-2017, og næringsorganisasjonene forhandler nå med staten om en ny avtale fra og med 2018.

NOx-fondet har siden 2008 brukt over 600 mill. kroner årlig til å støtte tiltak som reduserer NOx-utslippene. For perioden 2008-2015 er det dokumentert at fondet har bidratt med en samlet utslippsreduksjon på godt over 30 000 tonn NOx. Dette har bidratt sterkt til at Norge allerede i 2015 omtrent er i mål med å oppfylle NOx-forpliktelsene i Gøteborgprotokollen for 2020 på 151 000 tonn. Ifølge offisiell statistikk har NOx-utslippene fra den avgiftspliktige fiskeflåten blitt halvert i perioden 2007 til 2015, fra 10 497 tonn tonn til 5 238 tonn NOx.

En positiv bieffekt av NOx-tiltakene er at også utslippene av CO₂ er redusert, som følge av en rekke energieffektiviserende tiltak, overgang til LNG og elektrifisering. Samlet effekt av tiltak i NOx-fondets portefølje er beregnet til over 500 000 tonn CO₂-ekvivalenter årlig. ■

KLIMATRUSSELEN PÅVIRKER OSS ALLE

Temperaturen på jorda øker som følge av menneskelig aktivitet. Polisen smelter og havstrømmene endrer kursen. Klimatrusselen påvirker alle – også fiskerinæringen.

FNs klimapanel slo i 2014 fast at det er svært sannsynlig at oppvarmingen av jorda de siste tiårene i hovedsak skyldes menneskelig aktivitet, og da først og fremst knyttet til utslipp av CO₂ ved bruk av fossile brensler. En føre-var-tilnærming innebærer at det er nødvendig å iverksette tiltak for å redusere denne trusselen. Spørsmålet har vært gjenstand for flere internasjonale klimakonferanser. De viktigste er Kyoto-avtalen som ble ratifisert i 2005, og Paris-avtalen som ble ratifisert i 2016.

Norske politikere har gjennom klimaforlikene i Stortinget i 2008 og 2012 vedtatt mål for den norske klimapolitikken og tiltak for hvordan vi skal nå målene. Avtalen inneholder mål for utslippsreduksjoner i 2020, herunder ambisjoner for nasjonale utslippsreduksjoner og et langsiktig mål om å omstille Norge til et lavutslippssamfunn. Det er vedtatt noen overordnede mål:

- Norge skal overoppfylle Kyoto-forpliknelsen med 10 prosentpoeng i første forpliktellesperiode.
- Norge skal fram til 2020 påta seg en forpliktelse om å kutte de globale utslippene av klimagasser tilsvarende 30 prosent av Norges utslipp i 1990.
- Norge skal være karbonnøytralt i 2050.
- Som en del av en global og ambisiøs klimaavtale der også andre industriland tar på seg store forpliktelser, skal Norge ha et forpliktende mål om karbonnøytralitet senest i 2030. Det innebærer at Norge skal sørge for utslippsreduksjoner tilsvarende norske utslipp i 2030.

Norske politikere er også enige om noen grunnleggende prinsipper som skal ligge til grunn for norsk klimapolitikk, herunder prinsippet om at forurensere betaler, at generelle virkemidler skal være sentrale og at klimapolitikken må gi betydelige utslippsreduksjoner både i Norge og i utlandet.

DEN NORSKE UTFORDRINGEN

Det er ikke lett å få den fulle oversikten over hvor mye og hvordan Norge skal oppfylle internasjonale forpliktelser med hensyn til utslippsreduksjoner. Noe av utgiftskuttene kan tas ute, det skilles mellom kvotepliktig og ikke-kvotepliktig sektor, og det opereres med forskjellige referanseår for kuttene. Et faktum er likevel at Norge har påtatt seg store forpliktelser sammenlignet med mange andre land, og at Norge har et svært dårlig utgangspunkt sammenlignet med mange land.

I 2015 ble det sluppet ut totalt 53,9 millioner tonn klimagasser fra norsk territorium. Det er drøyt en prosent mer enn året før, og 4,2 prosent høyere enn i 1990, som er referanseåret for Kyoto-forpliktelsene om reduksjon av klimagassutslipp. Norge har forpliktet seg til å redusere utslippene med 40 prosent innen 2030 sammenlignet med utslippene i 1990. Samtidig er utslippene i dag høyere enn i 1990. Sverige har til sammenligning 25 prosent lavere utslipp i dag enn de hadde i 1990.

Norge er i en situasjon der det er vanskeligere å gjennomføre kuttene. Norge har i dag en andel fornybar energi på ►

UTSLIPP AV KLIMAGASSER

Mill. tonn CO₂-ekvivalenter

	2015	ENDRING I PROSENT	
		SIDEN 1990	2014-2015
UTSLIPP FRA NORSK TERRITORIUM	53,9	3,9	1,5
OLJE- OG GASSUTVINNING	15,1	82,8	2,3
INDUSTRI OG BERGVERK	12,0	-38,9	3,1
ENERGIFORSYNING	1,7	311,5	-0,9
OPPVARMING I ANDRE NÆRINGER OG HUSHOLDNINGER	1,3	-52,6	2,2
VEITRAFIKK	10,3	32,2	0,8
LUFTFART, SJØFART, FISKE, MOTORREDSKAPER M.M.	6,3	13,7	-0,3
JORDBRUK	4,4	-9,7	1,7
ANDRE KILDER	2,9	6,4	-2,1

Tabellen viser økningen i utslipp fordelt på sektorer. Kilde SSB

nærmere 65 prosent, himmelhøyt over det normale i Europa. Island er eneste land som er bedre, og blant de øvrige er det kun Sverige som har en andel på over 50 prosent. Europeerne kan gjøre store kutt ved å bytte fra kull til andre energi-kilder. Det kan ikke Norge.

Den viktigste årsaken til at Norge står overfor en så stor utfordring er at utslippene fra olje- og gassutvinning har økt med 83,3 prosent fra 1990 til 2015. Også veitrafikken og utslipp fra skipsfarten har økt, men ikke så mye. Mye av økningen i utslippene fra skipsfarten er dessuten relatert til olje- og gassutvinning.

Det blir utfordrende for Norge å nå de ambisiøse målsetningene om å kutte klimagassutslippene. Hvorvidt vi greier det vil avhenge av hvordan kuttene skal tas. I og med at Norge har en stor andel av fornybar energi gjennom vannkraften, er det mer utfordrende å ta store kutt hjemme. Hovedutfordringen for

Norge blir å gjennomføre disse reduksjonene uten at konkurranseevnen til norsk næringsliv blir kraftig svekket.

FISKEFLÅTEN HAR REDUSERT

Fiskeflåten må være forberedt til å ta sin del av disse utslippsreduksjonene. I forbindelse med arbeidet til regjeringens ekspertutvalg for grønn konkurransekraft har Fiskebåt sammen med andre transport- og næringsinteresser gitt uttrykk for ambisiøse mål for kutt i utslippene. Fiskeflåten har samtidig gjennomført betydelige reduksjoner i utslippene. I følge SSB sine tall er utslippene fra fiskeflåten redusert fra 1 421 mill. tonn CO₂-ekvivalenter i 1990 til 1 070 mill. tonn i 2015. Dette representerer en nedgang på rundt 25 prosent.

Det er sannsynlig at færre båter og mer fleksible kvoteordninger er de viktigste årsakene til reduksjonene i fiskeflåten. I tillegg er nye fiskefartøyer mer energieffektive. Eidesen-utvalget har i sin ferske innstilling tatt til orde for et mer

fleksibelt kvotesystem. Det vil være et viktig virkemiddel for ytterligere å redusere utslippene fra fiske.

Flere reguleringsmessige forhold påvirker fiskeflåtens bunkersforbruk. Det er derfor viktig å tenke energieffektivitet i alle beslutninger, så lenge det ikke går på bekostning av bærekraftig forvaltning.

ØKT CO₂-AVGIFT

Mange hevder at innføring av CO₂-avgift er et effektivt virkemiddel for å få ned klimagassutslippene. Både Grønn skattekommisjon og enkelte partier på Stortinget har argumentert sterkt for flate CO₂-avgifter. Fiskebåt mener at dette er en svært dårlig løsning. Ikke minst fordi det er uheldig å legge avgifter på en sektor som ikke har alternative energibærere. Verken elektrifisering, hydrogen-brenselceller eller biodiesel utgjør i dag et reelt alternativ for fiskeflåten. I tillegg kan det reises spørsmål med om det er rett å pålegge



Fiskebåt mener at økte CO₂-avgifter overfor fiskeflåten ikke er veien å gå. Det vil kunne føre til bortfall av marginale fiskerier.



konkurranseutsatte næringer ekstra avgifter, fordi vi har hatt en ekspansiv olje- og gassindustri som har stått for økte utslippene.

Fiskebåt mener at økte CO₂-avgifter overfor fiskeflåten ikke er veien å gå. Det vil kunne føre til bortfall av marginale fiskerier, som er en dårlig løsning – fisk er fortsatt noe av det mest klimavennlige en kan spise. Økte CO₂-avgifter kan føre til at norske fiskefartøyer øker landingene i utlandet, med økt gangtid som resultat. Økte avgifter vil også redusere fornyingsevnen av fiskeflåten. Det er uheldig fordi det er gjennom fornying at de største sprangene tas når det gjelder energieffektivitet.

KLIMASTRATEGI FOR FISKEFLÅTEN

Siden det per i dag ikke finnes alternative energibærere til diesel for fiskeflåten, betyr det at utfordringene må møtes gjennom energieffektivisering. Fagmiljøene mener at det gjennom å

utnytte allerede eksisterende teknologi er mulig å redusere bunkersforbruket i fiskeflåten med 20–25 prosent innenfor en tidshorisont på 10 år. Dersom vi kombinerer dette med en viss bruk av bærekraftig biodrivstoff, er reduksjonsmålet innen rekkevidde. Effekten av å ta i bruk miljøvennlige kjølemedier er da holdt utenfor.

Fiskebåt har nylig tatt initiativ til å utarbeide en klimastrategi for fiskeflåten gjennom et FHF-prosjekt. Formålet med dette arbeidet er blant annet å beskrive tekniske muligheter for å redusere klimagassutslippene fra fiskeflåten innen 2030 og 2050, samt å identifisere kostnadseffektive tiltak innenfor mulige løsninger.

Regjeringen og opposisjonen på Stortinget har lansert et CO₂-fond, etter modell fra NOx-fondet, som et virkemiddel for å redusere klimautslippene. Dette vil også bli vurdert nærmere i arbeidet med strategien for fiskeflåten.

En mulighet kan være å inkludere fiskeflåten i kvotepliktig sektor, og eventuelt bruke et CO₂-fond til å kjøpe klimavoter dersom det er nødvendig for å komme i mål.

KJØLEMEDIER

Et forhold som har fått lite fokus er utslippet av kjølemedier fra fiskeflåten. I enkelte studier som er gjennomført har det vært antydning at drivhuseffekten fra kjølemedier har vært like stor som effekten av CO₂-utslippene i fiskeflåten. Allerede tidlig på 90-tallet startet arbeidet med å fase ut såkalte KFK-medier, som hadde negativ effekt på ozonlaget. Problemet var at mediene som erstattet KFK, HKFK, var svært kraftige klimagasser. De siste årene har det pågått en storstilt utskiftning av kjølemediene i fiskeflåten til ammoniakk og CO₂, i første rekke som følge av offentlige pålegg og avgifter, og dette vil bidra til en vesentlig reduksjon i klimagassutslippene fra fiskeflåten. Fiskebåt arbeider for å få disse tiltakene kvantifisert. ■

KVA HUGSAR DU BEST FRÅ FISKERIÅRET 2016?

Fiskerinæringa har hatt eit svært godt år i 2016 i forhold til økonomi. Samtidig har det vore eit år med fleire politiske utgreiingar som skal legge føringar for korleis fiskerinæringa skal drivast i åra som kjem. Vi har spurt sentrale personar både innan næring og forvaltning om deira tankar for året som var og åra som kjem.



RENATE LARSEN

Adm. dir. Norges Sjømatråd

Kva hugsar du best frå fiskeriåret 2016?

– Gjennom 2016 har den positive utviklinga innan verdiskaping som vi har hatt dei siste åra halde fram. Flåteleddet har omsett for 10 milliardar kroner, og vi ser at kvitfisker også har hatt ein auke ut mot sluttmarknader. I tillegg er også kvitfisker i ferd med å innta nye og større marknader. Vi ser at engasjementet mot Asia og USA er styrka, noko som er svært positivt. Det siste året har vi også sett at flåteleddet har meldt seg på marknadssatsinga, og investerer slik at dei tar høgde for nye perspektiv i marknaden.

Kva har vore den største utfordringa i 2016?

– Kvalitet er eit viktig stikkord. Vi har enno utfordringar i marknaden for å sikre at forbrukarane får produkt med høg kvalitet. Vi har i dag høge kvotar. For å auke verdien av ressursane innan kvitfisk, må vi jobbe saman for å sikre god kvalitet på produkta. Forutsigbarhet er viktig. Vi har framleis store sesongtoppar som vi må jobbe for å utvide. For å bygge marknader er det viktig at kvitfisker er tilgjengeleg større delar av året. Det vil føre til meir stabilitet.

Kva tankar og forventningar har du om framtida?

– Kvitfisker blir svært viktig for sjømatnæringa framover. Konsumentane blir stadig meir opptatt av trygg mat, berekraft og kontroll. Her har Norge dei beste føresetnadene for å vinne konkurransen.

– Vi må løfte kunnskapen om sjømatnæringa i samfunnet. I dag er det mange som har liten eller ingen kunnskap om korleis denne næringa fungerer.

– Framover vil også fleire produkt vere synleg i butikkane. Vi vil sjå at folk over heile verda vil ha gode, enkle og velsmakande produkt av kvitfisk. Næringa er også inne i ei strukturendring, der større aktørar etablerer seg. Vi vil nok sjå at næringa blir samla i færre og større einingar, noko som vil vere med å styrke konkurransekrafta til kvitfisker.



RITA CHRISTINA SÆVIK

Dagleg leiar i Ervik & Sævik AS

Kva hugsar du best frå fiskeriåret 2016?

– Det var positivt at Norge fekk auka sin kvote på norsk vårgytande sild, noko som kom overraskande på fleire av oss. Fleire flåtegrupper har hatt glede av det. Så har det vore svært gode prisar, og truleg langt betre enn det mange hadde budsjettert med. For vår del har det gjort at vi har fått uttelling for dei investeringane som vi har gjort.

Kva har vore den største utfordringa i 2016?

– Utfordringa har vore å vente på politiske avklarings om den framtidige fiskeripolitikken. Eidesensutvalet vart kraftig forseinka, og heile fiskerinæringa er på vent. Det har vore veldig uforutsigbart kva utvalet skulle lande på, og enno må vi vente på kva konklusjonar politikarane kjem med. For mange reiarlag blir difor viktige strukturendringar og planar liggande på vent til ting er meir avklart.

Kva tankar og forventningar har du om framtida?

– På kort sikt er det viktig å få nokre avklarings rundt strukturkvoteordninga. Dette bør leggst opp etter ønske frå næringa, slik at vi står friare til å disponere dei ressursane vi har.

– Elles er det viktig at det blir lagt stabile rammevilkår som vi kan leve med lenge. Fiskerinæringa må forholde seg til eit hav av skattar og avgifter, samanlikna med det som gjeld til dømes innan offshore. Særleg formueskatt og skattlegging i samband med generasjonsskifte fører til store problem for mange. Gode fiskeprisar har auka verdiane på selskapa, som igjen tvingar fram sal når det er snakk om generasjonsskifte.

– Framover blir det viktig at aktørane i næringa kan forholde seg til gode og stabile rammevilkår.



SISSEL ROGNE

Dir. ved Havforskningsinstituttet

Kva hugsar du best frå fiskeriåret 2016?

– I løpet av 2016 har det vore satsa stort på havet og at vi skal utnytte ressursane på nye, men berekraftige måtar. Det er svært gledeleg at det no også politisk blir satsa "blått", og at eit viktig kriterium for denne veksten er at den skal vere berekraftig. Noko som har gleda meg stort, er at vi har fått eit politisk trykk på ressursane i havet, og at det skal vere ei berekraftig hausting av ein evigvarande ressurs.

Kva har vore den største utfordringa i 2016?

– Det har vore mykje støy knytt til detaljar som har gjort det vanskeleg å få til ein god dialog mellom forskning og næring. Dette har vore ekstra dumt med tanke på at det er så mange moglegheiter og utfordringar som vi må ta tak i saman.

– I stor grad har debatteknikk og graden av detaljar i diskusjonane vore med å skyggelegge det som har vore viktig. Vi må jobbe saman for å få til gode løysingar. Viss ikkje legg vi ein dempar på dei gode debattane om viktige tema. Forholdet mellom forskning og næring har likevel blitt merkbar mykje betre, etter at vi tok tak i dette og har fått til ein god dialog. Når vi forstår kvarandre, kjem det ofte fram at vi jobbar for felles interesser.

Kva tankar og forventningar har du om framtida?

– Eg gler meg over at vi no har fått til ein god dialog og samarbeid mellom Havforskningsinstituttet og fiskeriæringa. I 2017 vil eg gå fullt og heilt inn for å at dette skal utvikle seg vidare på ein positiv måte. Vi må jobbe saman om dei store strategiane og stå skulder ved skulder for å løyse utfordringane som dukkar opp. Mykje av dette handlar om at vi må bli betre til å kommunisere med kvarandre. Gjer vi det, vil vi unngå mykje av det surret som har prega 2016.



JAN ROGER LERBUKT

Dagleg leiar i Hermes

Kva hugsar du best frå fiskeriåret 2016?

– 2016 har vore prega av ein fin prisauke på fisken. Enkelte forklarar gode prisar med ein fordelaktig valutasituasjon, men for oss som fiskararar, så er det kva vi til slutt sit att med som er mest relevant i det korte bilete. Vi opplever også at det har vore fin stabilitet i ressurs situasjonen og bra tilgang til fisk. Det er difor også bra at vi har om lag same kvote i 2017 som i 2016.

Kva har vore den største utfordringa i 2016?

– Året sett under eitt så har den største utfordringa vore knytt til skiftande kvalitet på fisken i løpet av hausten. Fisken har stått nokså spreidd og vore tildels blaut i fiskekjøtet. Vi har registrert at det er ein del lodde både i havet og i magane på fisken, så kan det kan tenkast at det er ein samanheng med det.

Kva tankar og forventningar har du om framtida?

– Framover blir det viktig å henge med i det grøne skiftet. Det er viktig at vi tar i bruk ny teknologi, nye maskiner osv. som er vil gjere oss meir miljøvenlege enn det vi allereie brukar.

– I forhold til fiskeprodukta blir det truleg viktigare at vi greier å levere så høgt foredla produkt som mogleg. Vi må levere enda meir sjømat enn det vi gjer i dag, og vi må utvikle nye foredla produkt som vi kan selje til ei verd som sårt treng meir sunn og god mat.

– I det store bildet er det sentralt at vi greier å drive berekraftig, og at vi opprettheld eit levedyktig ressursgrunnlag i havet. Vi må tenke langsiktig og sørge for at også framtidige generasjonar kan ha same tilgangen til ressursar som det vi har. Greier vi det har vi ein evigvarande matfat i havet som vi kan hauste av.



AUDUN MARÅK
Adm. dir. Fiskebåt

Kva hugsar du best frå fiskeriåret 2016?

– Fiskebåt fekk blant anna gjennomslag for våre argument rundt CO₂-avgift, og fekk markert auka norsk andel av norsk vårgytande sild. Viktigast har det vore å få auka satsing på tradisjonell ressursforskning. Vi har fått eit langt betre og tettare samarbeid mellom Havforskningsinstituttet og fiskeflåten. Dette har Fiskebåt vore pådrivar for. Som ein følge av dette har vi også tilsett vår eigen ressursforskar. Fiskarane skal vere trygge på at Fiskebåt sitt fokus er størst mogleg utbytte frå bestandane. Vitskaplege råd og enda betre kunnskap gir likevel legitimitet til nettopp det.

Kva har vore den største utfordringa i 2016?

– Arbeidet med miljøspørsmål er alltid utfordrande. Fiskebåt har vore i front for å redusere forbruket av drivstoff per kilo fanga fisk. God lønsemd har lagt grunnlag for ein nyare og meir effektiv flåte. Arbeidet med å fornye NO_x-avtalen har vore viktig. Arbeidet rundt CO₂ problematikken og Arktis-avtalen har også vore utfordrande. Slike saker krev ofte mykje ressursar og engasjement, og ofte langt meir enn det medlemmene er klar over.

Kva tankar og forventningar har du om framtida?

– For framtida ønskjer eg politiske avklaringar. Vi håpar at forslaga frå Eidesenutvalet ikkje blir ein del av den komande valkampen. Det tener verken næringa eller norske interesser. Når det er sagt, så er mange av forslaga fornuftige og framtidsretta. Det beste er om næringa, både på sjø og land, kan samle seg om konstruktive løysingar, slik at valet blir lettare for politikarane.

– Mi erfaring er at endringar ofte fører til strid, men når dei først er gjennomført er det få som ønskjer å skru klokka tilbake.



LIV HOLMEFJORD
Fiskeridirektør

Kva hugsar du best frå fiskeriåret 2016?

– Frå 2016 vil eg trekke fram stadig nye rekordar og då med tanke på eksportverdi for norsk sjømat. Det har vore god lønsemd og stabilt høgt nivå på dei viktigaste fiskebestandane våre.

